



## Årsrapport 2018

# Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane

### 1.0 Samandrag

Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling Helse Førde hadde ved året sin slutt 115 ressursjukepleiarar. Vi er glad for at det har vore ein auke på ni ressursjukepleiarar dette året.

Årleg rapportering er gjennomført. 47 % av ressursjukepleiarane har vore i nettverket over 5 år. Her ser vi ein lett nedgang frå året før, men det er gledeleg at heile 68 % har vore med i over 3 år eller meir.

2018 har vore prega av stabil, god drift. Vi har arrangert årleg fagdag for ressursjukepleiarar og deira leiarar, og invitert inn naturlege samarbeidspartar som legar, fysioterapeutar og ergoterapeutar. Tema for årleg fagdag var: «Med fokus på akutte biverknader, seineffektar og rehabilitering til kreftpasientar». Dagen vart arrangert saman med Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter.

Det er gjennomført lokalgruppesamlingar vår og haust. Desse samlingane er prega av stort engasjement og god deltaking av ressursjukepleiarane. Ressursjukepleiarane har gjennom året fått undervisning i tema om munntørrhet, samtale med etterlatne, ernæring ved alvorleg sjukdom og korleis gje tryggleik og mestring til den palliative pasienten.

På lokalgruppesamlingane har vi hatt fokus på «må» og «skal» oppgåver i nettverket. Vi har informert om oppgåvene og rolla til ressursjukepleiaren og oppmuntra til undervisning og deling av kompetanse. Det har og vore fokus på deltaking ved palliative fagdagar i Bergen, samt hospitering.

Introduksjonskurs vart gjennomført også dette året.

Rapportering syner til at ei stor gruppe med ressursjukepleiarane har kjennskap til nasjonale retningslinjer, Lindring i Nord, ESAS-r og Livets siste dagar. Rapportering fortel og at dette er verktøy som stadig må fokuserast på og vedlikehaldas.

Individuell plan/palliativ plan har fått ekstra merksemd. Dette fordi det har vore arbeid med å innføre NORPAL til kommunane i fylket. Ressursjukepleiarane har vore aktivt med i dette arbeidet.



## 2.0 Mål for nettverket

Målet for nettverket er å sikre kvalitet og kontinuitet i pleie- og omsorgstilbudet til kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling. Omsorgstilbudet skal også inkludere pårørende. Målet er at pasienten og familien skal oppleve god kvalitet, tryggleik og samhandling i alle nivå av helsetenesta.

Årsplan for nettverket skal vere med å sikre at måla for nettverket vert teke i vare. Årsplanen er utforma i tråd med kompetanseplanen for nettverk for ressursssjukepleiarar.

Årleg rapporterer ressursssjukepleiarane og deira leiarar om ulike tema knytt til nettverket. Rapporteringa har som hensikt å sjå om mål er oppnådd i forhold til strategiplanen for nettverket. Oppsummering vert gjort av KLB sentralt og rapportert attende på Årleg fagdag.

I 2018 var det 74 ressursssjukepleiarar og 48 leiarar som sende inn rapporteringsskjema til KLB. Hovudtrekk frå denne rapporteringa vil bli presentert i avsnitt 8.0.

## 3.0 Arbeid med drift av nettverket

Sjukepleiarnettverket er delt opp i fire lokale nettverksgrupper. Ei driftsgruppe med representantar frå dei fire gruppene og samarbeidspartane i nettverket har ansvar for samling og rutinar knytt til nettverksarbeidet. I 2018 har nettverket hatt ein auke på ni ressursssjukepleiarar. Per 31.12.18 var det **115** ressursssjukepleiarar i Nettverk av ressursssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane. Dei kjem frå 25 av 26 kommunar, dei tre sjukehusa i fylket og frå Røde Kors Haugland Rehabiliterings-senter. I tillegg er åtte kreftkoordinatorar tilknytt nettverket.

På kvar av dei medisinske avdelingane på lokalsjukehusa i Lærdal og på Nordfjordeid er det 2 ressursssjukepleiarar. Førde Sentralsjukehus har følgjande ressursssjukepleiarar: ein på medisinsk avdeling, ein på nevrologisk avdeling, to på kirurgisk avdeling, ein på kirurgisk poliklinikk, ein på kreftsengeposten og to på kreftpoliklinikk. Driftsgruppa har i 2018 jobba inn mot medisinsk avdeling på FSS for å auke tal ressursssjukepleiarar, dette er på bakgrunn av at palliasjon no er tenkt inn mot pasientar som har t.d. KOLS, hjartesvikt, nyresvikt og demens.

Det vil vere ein ressurs for kompetansebygginga i nettverket å få med ressursssjukepleiarar frå desse postane. Vår førespurnad er blitt teken vel imot i det medisinske miljøet, og dei ser nytteverdien av å ha fleire ressursssjukepleiarar på si avdeling. Diverre har vi ikkje klart å få namngjevne ressursssjukepleiarar inn på listene våre i 2018, men det er avtala møte med leiarane på medisinsk avdeling på starten av det nye året.

### 3.1 Møte i driftsgruppa

Driftsgruppa har hatt fire møte i 2018. Det føreligg referat frå alle fire møta. Sakene som har vorte handsama, er i hovudsak samanfallande med årsrapporten.

I 2018 har vi fått to nye medlemmer i driftsgruppa. Det er Camilla Lovise Elvebakk Stein leiar frå pleie og omsorgstenesta i Førde kommune og Susanne Maria Hove Sollid sjukepleiar i heimetenesta i Eid kommune. Susanne er ny lokalgruppeleiar for Nordfjordgruppa.

### **3.2 Møte i styringsgruppa**

Styringsgruppa har hatt to møte i 2018. Det føreligg referat frå begge møta. Det har ikkje vore skifte av medlemmar i styringsgruppa i 2018.

## **4.0 Fagutvikling, undervisning og opplæring**

### **4.1 Introduksjonskurs**

Kurset vart gjennomført 12 mai 2018 med 11 ressursssjukepleiarar og to leiarar. Kurset vart gjennomført i samsvar med kompetanseplanen, med målsetting å gje ei innføring i rolla som ressursssjukepleiar. Deltakarane blei introdusert for ulike verkty som ESAS-r og Individuell plan (IP), og dei fekk presentert nasjonale retningslinjer i palliasjon. Bruk av kartleggingsverktøy og retningslinjer for symptomlindrande behandling blir brukt som kvalitetsindikator for det kliniske arbeidet til ressursssjukepleiarane.

Lege i palliativt team Helge Sårheim gav deltakarane ei kort innføring i oppbygging av kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Vest, samt at deltakarane fekk ein presentasjon om den palliative pasienten og kva som kjenneteiknar det palliative fagfeltet.

Deltakarane fekk også ei innføring i ressursssjukepleiarrolla av Hanne Berntzen frå Naustdal kommune.

Avdelingssjukepleiar Evelyn Stavang frå Kirurgisk avdeling ved Sentralsjukehuset i Førde fortalde om sin ståstad som leiar for ressursssjukepleiarane der. Deltakarane hadde gruppearbeid der dei jobba med å setje seg mål for rolla som ressursssjukepleiar på eigen arbeidsplass.

Nytt dette året var at vi hadde undervisning om praktisk bruk av medikamentpumpe for subcutan behandling. Dette skapte eit godt og positivt engasjement.

Sju deltakarar leverte evaluering, seks ressursssjukepleiarar og ein leiar. Dagen vart godt evaluert. Tilbakemeldingane syner at det er stor verdi i å utveksle erfaringar med andre ressursssjukepleiarar og bli kjende med nettverket.

### **4.2 Årleg fagdag**

Årleg fagdag for heile nettverket vart gjennomført 6. februar 2018 med totalt 128 deltakarar. Kreftforeningen og Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter var dette året med som arrangør.

Tema var: Med fokus på akutte biverknader, seineffektar og rehabilitering til kreftpasientar. Dagen starta med at leiar i nettverket, Marthe Hauge Aase, gav ein rask presentasjon av hovudtrekk frå den årlege rapporteringa frå ressursssjukepleiarane og deira leiarar.

Nytt dette året var at vi ønska å engasjere ressursssjukepleiarane og å dra dei meir aktivt inn i programmet på den årlege fagdagen. To av ressursssjukepleiarane frå Vik kommune fortalde frå deira kvardag, kva er arbeidsoppgåvene og korleis jobbar dei saman inn mot pasientane i kommunen. Dei gav oss også pasientkasustikker.

Lege ved Førde legesenter Ingrid Ytrehus gav eit innblikk i ein fastlege sine synspunkt på møte med kreftpasientar og samarbeid med ressursssjukepleiarane.

Professor Sophie D. Fosså hadde tema om akutte biverknader ved kreftbehandling, samt seineffektar etter behandling. Ho var ein engasjert føredragshaldar og ein aktiv deltakar i paneldebatten.

Møte med kreftoverlevar Håvard Aagesen gjorde inntrykk på mange av ressursssjukepleiarane og han fekk gode tilbakemeldingar på sitt innlegg Mellom sjuk og frisk.

Hauglandssenteret sitt bidrag var Rehabilitering etter kreftbehandling. Fysioterapeut Marthe H. Kjosås og ressursssjukepleiar Mette Storhaug Nybø fortalde om tilbodet ved senteret og

korleis det kan følgjast opp etter utskrivning. Kreftforeningen ved spesialrådgjevar Erik Resaland fortalde om rehabilitering og helsefremjande arbeid i kommunane.



Dagen blei avslutta med paneldebatt mellom dei fleste av føredragshaldarane. Dagleg leiar Inger Johanne Osland ved Haugland Rehabiliteringssenter leia debatten med stø hand. Engasjementet for kreftoverlevarane og rehabilitering synte godt att i gruppa og dei deltok alle aktivt med sine innspel.

Den årlege fagdagen blei svært godt evaluert.

**Årleg Fagdag 2018**

#### 4.3 Lokale samlingar i nettverksgruppene

Det er blitt arrangert to samlingar i dei fire lokal gruppene, ei vår og ei haust. Hovudtema for lokalsamlingane er henta frå kompetanseplanen.

##### Våren 2018 :

Vi har dyktige lokalgruppeleiarar i nettverket. Dei har teke på seg ansvaret for å lage undervisning og dei underviste om **munntørreheit** ut frå nasjonale retningslinjer i Helsebiblioteket. Regional medarbeidar i KLB Marit Eikemo Halsnes hadde undervisning om **samtale med etterlatne**. Begge desse tema skapte stort engasjement på lokalgruppesamlingane.

Ressursjukepleiarane er gode på å dele erfaringar inn mot undervisningstema, både i gruppearbeidet og ved «runde rundt bordet». Alle lokalgruppesamlingane i vår fokuserte på «må» og «skal» oppgåver i nettverket gjennom eigen presentasjon som sette fokus på oppgåvene og rolla til ressursjukepleiaren. Det har og vore ekstra fokus på deltaking ved palliative fagdagar i Bergen, samt hospitering. KLB sine nettsider vart og presenterte.

## Hausten 2018:

Leiar i nettverket, Marthe Hauge Aase, hadde i haust to undervisningstimar på lokalgruppesamlingane. Det fyrste temaet var **tryggleik og mestring til den palliative pasienten**. Undervisninga var basert på fordjupingsoppgåva frå kreftsjukepleiarstudiet 2015-2016. Undervisninga forklarte verdien av førebuande samtalar og at pasienten sine preferansar inn mot livet sin slutt vart skrivne i ein individuell plan.

Vidare vart det i haust undervisning om **ernæring til pasientar med alvorleg og langt kome sjukdom**.

Vi hadde og fokus på at vi ønska 100 % svarprosent på årleg rapportering, og ressursjukepleiarane fekk fortalt at årsrapporten er bygd på deira tilbakemeldingar. KLB sine nettsider vart presenterte.

### Oversikt over møtte ressursjukepleiarar på lokalsamlingar i 2018

Lokalgruppe	Arrangør/ kommune	Ressursjukepleiarar	Kollegaer og andre som møtte etter lunsj
<b>Vår 2018</b>			
Sunnfjord/Sogn I 12. mars	Naustdal	19 av 31	4 kollegaer 1 fastlege 1 ergoterapeut
Sunnfjord/ Sogn II 26. februar	Askvoll	14 av 18	4 kollegaer 1 fastlege 1 fysioterapeut
Nordfjord 23. april	Selje	20 av 29	3 kollegaer
Indre Sogn 20. mars	Lærdal	16 av 25	Ingen
<b>Haust 2018</b>			
Indre Sogn 27. august	Aurland	17 av 22	6 kollegaer 1 fastlege 1 ergo- og 2 fysioterapeutar
Nordfjord 17. september	Gloppen	17 av 28	2 fysioterapeutar
Sunnfjord/ Sogn I 16. oktober	Jølster	26 av 32	5 kollegaer
Sunnfjord/ Sogn II 24. september	Solund	14 av 19	1 kollega

## 5.0 Utviklingsarbeid

### Felles undervisningsmalar

Kompetansesenter i lindrande behandling har utvikla felles malar for undervisning om ESAS-r, Individuell plan, grunnleggande palliasjon og presentasjon av nettverket i Helse Førde. Malane er eit fint utgangspunkt for ressursjukepleiarar si undervisning til kollegaer. Det har vore poengtert på alle lokallagssamlingar at desse malane er tilgjengelege og vi har oppmoda alle ressursjukepleiarane til å ta dei i bruk på sin arbeidsplass.

### **Møte med fastlegar**

Det er eit ynskje at fastlegane møter på siste del av lokalgruppesamlingane. Dei vert då gjeven høve til å fortelje litt om sin kvardag og sine erfaringar omkring samhandling til pasientgruppa som nettverket er ein ressurs for.

Ikkje mange fastlegar har hatt høve til å møte i 2018. Nokre stader er det faste møte mellom ressursssjukepleiarane og fastlegane. 31 ressursssjukepleiarar melder at dei har hatt samarbeidsmøte. Fastlegane seier at dei set pris på engasjementet der ressursssjukepleiarane oppdaterer legen og set fokus på god palliasjon.

Fastlegar vi har snakka med på lokalgruppesamlingane, gjev opp ulike grunnar til at dei ikkje møter på samlingane. Stad for lokalgruppesamlinga har noko å seie. Dersom det er møte i lokala der fastlegane held til, ser vi at nokre har lettare for å møte. Fleire fastlegar seier at dei har få palliative pasientar, mange møter som opptek arbeidstida deira, og nokon har sagt at dei taper lønn ved å delta i nettverket. Ein lege sa at når det er tilsett kommuneoverlege, var det naturleg at kommuneoverlegen møtte, då dei avsett nokre prosent i stillinga si til samarbeid.

### **Andre samarbeidspartar**

Ressursssjukepleiarane og palliativt team har stor nytte av kvarandre i sitt daglege arbeid. Ergoterapeutar og fysioterapeutar frå vertskommunane har vore inviterte inn på delar av lokalgruppemøta.

### **Samarbeid mellom ressursssjukepleiarnettverka i Helseregion Vest**

Leiarane for driftsgruppene har to møte i året. Her blir saker som er felles i dei fire nettverka tekne opp, spesielt gjeld det gjennomføring av KLB sin kompetanseplan og erfaringsutveksling i drifta av nettverka.

### **Samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling helsefag om vidareutdanning i lindrande behandling**

Mange av ressursssjukepleiarane i nettverket har teke denne utdanninga. Førelesarane har høg kompetanse innan sine fagfelt. Tilsette i KLB og Palliativt team har vore mellom førelesarane. Høgskulen sin representant i driftsgruppa har i 2018 slutta i driftsgruppa pga. sjukdom. Det har vore kontakt mellom leiar i nettverket og fagseksjonsleiar Anny Aasprang for å få ny representant til driftsgruppa. Høgskulen har meldt frå at dei er inn i ei stor omorganisering og at dei ikkje kunne gje oss ein ny kandidat i 2018.

### **Hospitering**

I 2018 har to ressursssjukepleiar nytta seg av tilbod om å hospitere på Sunniva avdeling for lindrende behandling. Hospiteringa bidreg til auka kunnskap og betrar samhandlinga. I 2018 har ingen sjukepleiarar frå FSS hospitert i kommunane, og det har heller ikkje vore søkt middel til å hospitere på FSS frå ressursssjukepleiarane i kommunane.

I den årlege rapporteringa kjem det fram at det er vanskeleg å få avsett tid til hospitering i ein travel arbeidsdag, men at fleire ynskjer å få det til.

### **Palliative fagdagar i palliasjon, Nivå C-kurs og Landskonferanse i palliasjon**

To gongar i året arrangerer Kompetansesenter i lindrande behandling i samarbeid med Sunniva avdeling fagdagar i grunnleggjande palliasjon. I 2018 søkte åtte ressursssjukepleiarar

og fekk middel til å delta på desse dagane i Bergen.

To sjukepleiarar søkte om å få dekkja utgifter i samband med nivå C-kurs i Bergen. To medlemmer i driftsgruppa søkte og fekk innvilga middel til å reise på Landskonferansen i palliasjon i Bodø. Det vart berre ein medlem som reiste.

## **6.0 Pasient- og pårørandearbeid**

Ressurssjukepleiarnettverket skal bidra til at pasientar med kreft eller pasientar med behov for lindrande behandling får tilbod om hjelp utifrå den sjukdomsfasa dei er i, både i 1. og 2. line tenesta. Tilbodet skal også ivareta pårørande. Ressurssjukepleiar i kommunen blir mellom anna kontakta av ressursjukepleiarar på sjukehus, fastlege, kreftkoordinator eller leiinga i kommunen. Dei fleste ressursjukepleiarane besøker pasientane heime. Ofte er det også pårørande til stades. Der det lar seg gjere, møter ressursjukepleiar frå kommunen på samarbeidsmøte på sjukehuset før heimreise for pasienten.

16 ressursjukepleiarar har medverka til individuell plan (IP) i 2018. Ressurssjukepleiarane melder i årleg rapportering om ulike grunnar til at IP ikkje er teke i bruk. Det er skrive i årleg rapportering at mange no innfører palliativ plan NORPAL. Dei håpar dette styrkjer bruken av ein palliativ plan som vil erstatte ein IP inn mot den palliative pasienten. Andre grunngjev det med at det er lite fokus på IP frå leiarane, og at IP er tungvint og lite innarbeidd på deira arbeidsplass. Nokon har svara at IP må gjennom koordineringsrådet i kommunen og det vil ta for lang tid for den palliative pasienten.

Nytt dette året på årleg rapportering er at vi ønska å sjå forskjellen mellom arbeidet med IP og palliativ plan NORPAL. Her ser vi at det er 15 ressursjukepleiarar som har medverka til palliativ plan NORPAL. Hausten 2018 starta dei ansvarlege i NORPAL opp arbeidet med å innføre palliativ plan i alle kommunane i Sogn og Fjordane.

## **7.0 Presentasjon av Nettverket**

Nettverket vert presentert i fora der ressursjukepleiarane eller medlemmer av drifts- og styringsgruppa deltek, og gjennom informasjonsfoldar. Ressurssjukepleiarane i fleire kommunar har laga eigen foldar som mellom anna vert presentert på kommunen si heimeside. Marknadsføring er og gjort gjennom presentasjon av ressursjukepleiar sin funksjon i bygde-/lokalaviser. Film om nettverket og ressursjukepleiarrolla vart ferdigstilla i desember 2018.

Det var markering av Verdsdagen i lindrande behandling 18. oktober på Høgskulen i Sogndal. Det var 54 som møtte opp på markeringa. Tema for kvelden var Fordi eg betyr noko. Vi samarbeidde med Kreftforeningen ved kreftkoordinator Birte Husum.

Kvelden starta ved at leiar i nettverket gav ein kort presentasjon av Kompetansesenter for lindrande behandling og ressursjukepleiarnettverket i Sogn og Fjordane.

Prest Kjell Olav Nordheim og diakon Gitte Therkelsen Torstad som snakka rundt temaet Er det alltid lys i mørket, og pårørande Kari Malmanger delte si historie om å være mor til eit barn med alvorleg sjukdom.

Lege Helge Sårheim i palliativ team hadde fått tema Fordi eg betyr noko. Han hadde eit flott føredrag der han fekk delt tankar omkring det å «sette spor» etter seg også i møte med alvorleg sjukdom og død.

Frisklivssentralen og Frivillighetsentralen i Sogndal presenterte seg med at «sjølv små endringar i kvardagen kan har betydning for helsa», samt at alle har noko å gje, og at alle treng ei hand.

Kvelden vart godt evaluert av fleire deltakarar, og vi som arrangørar var godt nøgd sjølv om vi hadde håpa på større oppmøte.



## 8.0 Informasjonsutveksling i Nettverket

### Nyhendebrev

Det er sendt to nyhendebrev til ressursjukepleiarane med siste nytt frå nettverket og KLB i 2018. Brev ligg på nettsida til KLB.

### Velkomstbrev

Velkomstbrev med nyttig informasjon vert sendt per e-post til nye ressursjukepleiarar. KLB administrerer nettsidene til nettverket i samarbeid med dei regionale medarbeidarane i nettverket. Nettsida vert fortløpande oppdatert. Ressursjukepleiarane har ansvar for å sjekke at opplysningane om dei sjølve er rette, og melde endringar direkte til KLB.

### Facebook

Sidan desember 2013 har nettverket i Sogn og Fjordane ei eiga facebookgruppe for ressursjukepleiarar. Ressursjukepleiarane brukar gruppa, men aktiviteten er ikkje høg.

## 9.0 Økonomi

Nettverket søkte også dette året middel frå kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot og vart tildelt kr 25 000.

Kostnader for årleg fagdag og introduksjonskurs er dei største utgiftspostane for nettverket. Gjennom tilskotet frå fylkesmannen i 2018 kan nettverket budsjettere for årleg fagdag, introduksjonskurs, samt stønad til hospitering og palliative fagdagar også i 2019.

Nettverket hadde ved årsskiftet 2018/2019 kr 62 232 på konto.



## 10.0 Årleg rapportering frå ressursjukepleiarane

### Fagutvikling – implementering og bruk av verkty

- ✓ Nasjonale retningslinjer: 90 % av ressursjukepleiarane brukar retningslinjer for symptomlindrande behandling frå Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorgen eller Lindring i Nord til aktuelle pasientar. 44 % seier at retningslinjene er implementerte i avdelinga sitt kvalitetssystem.
- ✓ ESAS-r: 88 % rapporterer at dette verktøyet er tatt i bruk på arbeidsplassen. Kun 11 % seier det er brukt i stor grad, medan 43 % seier det er brukt i moderat grad og 43 % i liten grad.
- ✓ Individuell plan: 16 av 72 ressursjukepleiarar hadde i 2018 utarbeidd ein IP
- ✓ Palliativ plan NORPAL: 15 av 72 ressursjukepleiarar hadde utarbeidd ein slik plan
- ✓ Livets siste dagar - plan for lindring i livets slutfase: 33 av 72 ressursjukepleiarar seier at verktøyet er teke i bruk på deira arbeidsplass

### Organisering

- ✓ Ressursjukepleiarfunksjonen: 58 % rapporterte om at dei ikkje hadde avsett tid til ressursjukepleiarfunksjonen. På frie kommentarar kom det likevel fram at ein del fekk avsett tid dersom det var behov. Av dei 41 % som hadde avsett tid, varierte tida frå ein dag kvar 6. veke til 20 % stilling.
- ✓ Plan for arbeidet som ressursjukepleiar: 47 % av ressursjukepleiarane sa dei hadde hatt eit møte med leiaren sin kring mål for rolla som ressursjukepleiar. Av dei 46 leiarane som svarte, rapporterte 79 % at dei hadde hatt eit møte med ressursjukepleiar om plan for rolla.

## 11.0 Oppsummering

2018 har vore eit aktivt år for Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane. Ressursjukepleiarane har hatt godt oppmøte på lokalsamlingane og det har vore god aktivitet på samlingane. Rapporteringa frå ressursjukepleiarar og leiarar frå 2018 syner små skilnader frå året før. Det er gledeleg at ressursjukepleiarane rapporterer at nasjonale retningslinjer for lindring er tatt i bruk og at ESAS som kartleggingsverktøy er godt kjent. Målet må likevel vere at desse verktøy og retningslinjer blir endå betre implementerte i kvalitetssystemet ved den enkelte arbeidsplassen.

Ressursjukepleiarane gjev i årleg rapportering positiv tilbakemelding på det å være ressursjukepleiar. Dei har oppgjeve at jobben er spennande og givande, men også med slitsame og tøffe kvardagar. Kompetanseheving med lokalgruppesamlingar og Årleg Fagdag vert haldne fram som viktige dagar med fagleg påfyll.

Ressursjukepleiarane opplever ein hektisk kvardag, og det vert framheva at tid til å utføre oppgåva er viktig. Fleire av ressursjukepleiarane rapportere at dei ynskjer avsett tid til å

utføre oppgåva si. Rapporteringa fortel om mange engasjerte ressursjukepleiarar som ser pasientar og pårørande som treng deira kompetanse.

Ein ressursjukepleiar seier det slik: «Vi har hatt mange alvorleg sjuke og dødsfall dette året og kvar og ein av dei har vore utfordrande, **men vi har stått i det.**» Dette seier mykje om korleis det er opplevd å være ressursjukepleiar. Vedkommande seier vidare: «Vi brukar for lite tid på debrifing etter dødsfall.» Mange ressursjukepleiarar opplever over tid at «dei står i det». Vi har tru for at deltaking i nettverket kan hjelp dei til å gjere nettopp dette — «stå i det».

Fleire ressursjukepleiarar framhevar at dei ikkje får avsett tid til funksjonen sin, eller at dei misser tida som var avsett. Dette vert opplevd negativt, og nokon opplever då manglande motivasjon til å være ressursjukepleiar.

Samstundes kjenner mange på at dei vert lytta til blant kollegaer, og at pasient og pårørande er takksame for god hjelp. Ressursjukepleiarane framhevar at det å være ein del av nettverket er viktig med tanke på kompetanseheving, kommunikasjon aktørane imellom og tryggleik inn mot å utføre oppgåva si. Gode tilbakemeldingar frå pasient og pårørande, samt godt samarbeid mellom kollegaer og fastlegar, gjev positiv motivasjon. Ein ressursjukepleiar framhevar at det få gehør for idear og forslag hjå leiar og kollegaer, er positivt, men at det må jobbast jamt og at ein kan ikkje «sleppe opp».

92 % av leiarane til ressursjukepleiarane seier at dei i stor eller svært stor grad opplever at nettverket bidreg til ein betre kvalitet på kreftomsorg og lindrande behandling på deira arbeidsstad. Det er 50 % av leiarane som meiner at deira ressursjukepleiarar bidreg til betre kvalitet også i omsorga for andre pasientgrupper. Fleire av leiarane framhevar nettverkssamlingane som ein viktig arena for fagleg oppdatering og kompetanseheving. Det skal også nemnast at leiarane ser utfordringar med å gje fri til ressursjukepleiarane til dei obligatoriske oppmøta i nettverket. Dei seier at dette skyldast mangel på personale.

Vi som drifrar nettverket i Sogn og Fjordane, opplever ei positiv, engasjert og optimistisk haldning når vi møter ressursjukepleiarar og leiarar på samlingane.